



Sveinung Seim AS  
Urhaugvegen 23  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/79 - 18/2791

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
30.01.2018

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 29/29 Hauge

Tiltak: Tilbygg, påbygg, rehabilitering  
Byggjestad: Gbnr: 29/29 Mykingvegen 670  
Tiltakshavar: Linda Elisabet Øvretveit  
Ansvarleg søkjar: Sveinung Seim AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.01.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

#### Tiltakshavar sin signatur

Tiltakshavar sin signatur på søknaden manglar. Vi ber om at denne vert ettersend. Bruk eventuelt skjema 5174 Søknad om løyve til tiltak der tiltakshavar kan signera.

#### Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplanen Kløve nord og ikkje kommuneplanen sin arealdel som det er vist til i søknaden. Tiltaket er slik vi vurderer det ikkje i samsvar med punkt 3.1.5 (gesimshøgde) og 3.1.6 (takvinkel) i føresegnene til planen. Tiltaket må anten endrast i samsvar med planen sine bestemmelsar eller så må det søkjast om dispensasjon for dei forhold som ikkje er i samsvar med planen. Reguleringsplankart og føresegnar følgjer vedlagt.

#### Situasjonsplan

Situasjonsplanen må påførast ytre hovudmål på tiltaket og avstand til nabogrense.

#### Teikningar

Gesims- og mønehøgde slik dei er fastsett i føresegnene til reguleringsplanen må gå fram av teikningane. Når det gjeld fastsetting av gesimshøgde for bygg med takopplett viser vi til rettleiaren Grad av utnytting.



### Ansvarsrettar

Føretaket Sveinung Seim AS si erklæring om ansvar omfattar ikkje prosjektering av tiltaket slik det er gjort greie for i gjennomføringsplanen. Vi gjer merksam på at tiltaket ikkje kan godkjennast før det er erklært ansvar for funksjonen PRO.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.03.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Reguleringsplan Kløve 230409

Reguleringsplan Kløve nord føresegner stadfesta 230409 \_3\_

### **Kopi til:**

Linda Elisabet Øvretveit

Mykingvegen 670 5913

EIKANGERVÅG

### **Mottakarar:**

Sveinung Seim AS

Urhaugvegen 23 5936

MANGER